



## Todalen IL, Trimgruppa

### Årsmelding 2024



Foto: Sissel Halset Storslett

Trimgruppa har i trimåret 2024 bestått av:

Leiar: Sissel Halset Storslett

Styremedlemmar: Lars Kvendset, Anita Talgø og Torill Talgø

Når det gjeld styremøter har det heller ikkje i år vore så mange auge til auge. Me møtast i samband med planlegging og gjennomføring av aktivitetane våre. Kommunikasjonen har elles helst gått føre seg via messenger.

Innkjøp: Me valgte i år å bruka det som allereie er innkjøpt mtp premiering og andre gåver.

Trimåret-24 hadde folk 27 turmål å velja mellom. Heile 86 stk har delteke totalt.

Toåa Tursti tronar, i år som i fjor, som det mest besøkte turmålet med 2670 registreringar. Løfta, Kvennset, med 608 kjem på plass nr.2 og Tjønnyran kjem på ein 3.plass med 501 registrerte. Tjønnyran danka i år ut Svinvikrunden, som kan skilta med 489 registreringar. Totalt antal registreringar kom på 5835. Jamstilt med fjorårets resultat ser ein at det er ein nedgang på 1713 registreringar.

Toåa Tursti	2670
Løfta, Kvennset	608
Tjønnyra	501
Svinvikrunden	489
Rundtur i Øyalia	447
Ja- benken	142
Råa til Trøa	130
Fauskhjellen	110
Storhaugen	107
Tårnet	83
Skihytta på Sørfjellet	74
Gammelsetra i Kvennsetdalen	68
Nauståfossen	57
Haukarsteinen	47
Talgøsetra	44
Kjippå i Romålia	38
Ørsalsetra	37

Rossådammen	36
Naustådalsetra (Dalasetra)	27
Todalshaugsetra	23
Storfjellet	18
Lauvåvatnet	17
Blåfjellet	16
Bollknubben	14
Ansnesetra	12
Bjøråskaret	11
Rambjøra	9

Elles har Todalen IL hatt fleire turmål gjennom Nordmøre og Romsdal friluftsråd si StikkUt! satsning. Både Tjønmyra og Toåa Tursti er registrert som sommar- og vinterturar.

## Alle aktivitetar i 2024:

### Gunnøydilten, 28. mars:



Foto: Jon Olav Ørsal



Foto: Jon Olav Ørsal

Kjempeheldige med veret og oppmøtet. Nærare 200 stykkje var innom gapahuken i Båthølen. Det var sal av pølse med brød, kanelnurrar og sjokoladecake.

Loddsal ( 754 solgte lodd) og gjeve premiar vart det og:

<b>Trekningsliste for lynlotteriet på Gunnøydilten</b>		
28.mar.24		
<b>Gev.nr</b>	<b>Gevinst</b>	<b>Vinnar</b>
1	Sjokolade	Solvår Øyen
2	Tova vottar	Dordi Ingeborg Finnborud
3	Hengekøye	Innerbaugen
4	Bok	Ida Birgitte Ranæs
5	Veske	Iver Mossing
6	Fat	Ragnhild A. Moe
7	2 x Refleksvest	Markus U. Moe
8	Refleksvest	Ståle og barnebarna
9	Termos	Ragnhild A. Moe
10	Koppar av Torill Redalen	Kjetil Sogge

### **Adventskalender 24:**

I år, som i fjor og året før, vart me vitne til ei givarglede ut av en annen verden. Også denne gongen todalsproduserte gevinstar, i alt 90 i talet. Dette førte til at det vart trekt både to og tre gevinstar kvar dag.

Me er både takksame og audmjuke. Utan givar- og kjøpegleda og samarbeidet med Todalen.no hadde me ikkje fått dette til.

Me fekk inn nærare kr 40 000,-



Foto: Jan Olav Ørsal

### **Romjulsmarsjen, 27. desember:**

Det har no vorte ein tradisjon med å ha kun ein stasjon, på Bruset, under romjulsmarsjen.

Deltakarpremien fekk dei oppmøtte velje sjølv, om dei ville ha lue eller refleksvest med Todalen II sin logo på. Årsaken til det er at me tenkte me ville prøva å tømme lageret før me handlar inn nytt. Å kjøpa, kjøpa utan at me treng til det, er me ikkje tent med.

Antal deltagarar, med stort og smått, ca 170 stykkjer. I tillegg var det og 9 hundar og ein hest innom stasjonen. Me tangerte difor rekorden som vart sett for nokre år sidan.

Loddsalet vårt kom tett opp i kr 9000,-



Foto: Jon Olav Ørsal



På vegne av Trimgruppa: Tusen takk til alle bidragsytarar, loddkjøparar, Todalen.no og oppmøtte ved våre arrangement ☺  
Sissel Halset Storslett